



Treningsvert i Trott fotball

Ein trygg, positiv vaksen som støtter spelarane og trenarane og bidreg til at trenarane kan ha fullt fokus på det sportslege i treningsøkta. Trott har tru på at dette tiltaket kan bidra til eit godt sosialt miljø, både blant spelarar og foreldre.

Det lages liste over foreldre/føresatte som rulerer på denne oppgåva.

Dei som ikkje har høve til å stille på oppsatt vakt, er sjølv ansvarleg for å byta med nokon andre. To vaksne skal møtast i god tid før kvar trening, og kan gjerne være att etter treninga og hjelpe til med å rydde utstyr.

Oppgåver knytta til denne rolla vil variere ut ifrå alder på spelarane og laget sitt behov.

Felles for alle treningsvertar i trott fotball er at den vaksne skal være positiv og møte spelarar, trenarar og andre foreldre med ei positiv haldning.

Rolla til ein treningsvert er å observere både positive og negativ adferd og språkbruk.

Eksempel på treningsverten sine oppgåver:

- Hjelpe til før trening med å sette opp banar
- Forebygge/dempe eventuelle konflikter mellom spelarar
- Knytte skolisser
- Trøste og hjelpe spelarar
- Følgje spelarar til toalettet
- Vise borna kor dei kan fylle drikkeflaska si
- Hjelpe til å rydde etter trening.

Dette gjeld for 1 og 2 klasse. Dersom det er behov for det på eldre lag så blir det opp til trenarar og lagleiarar å bestemme.

Helsing

Karoline og Hanne, Fair play-ansvarlege i Trott

